



Risnes Krins Grunneigarlag ved Audun Sylta

Dato: 23.05.2019
Vår ref.: 2019/232-69
Saksbehandlar: benutne
Dykkar ref.:

Svar på uttale frå Risnes Krins Grunneigarlag – Fv 409 Rossnesvegen i Radøy

Viser til dykkar epost av 11.04.2019 og purring 24.04.2019. Forholdet gjeld den dårlege standarden på Fv 409 frå Bø til Rossnes.

Det er diverre mange fylkesvegar med altfor dårleg standard, og vi skulle gjerne hatt betydeleg meir midlar til utbetring og oppgradering av desse. Men vi kan opplysa om at det på dekkeleggingsprogrammet for 2019 er oppført at strekninga Bø - Rossnes skal få nytt dekke. Vi håpar dette vil bidra til ei vesentleg betring!

I eposten er det lagt ved uttale frå Risnes Krins Grunneigarlag, der de ber om at restriksjonane på Rossnesvegen vert oppheva. Vi antar at dette primært er for tømmertransporten. Dette ville fort medført endå meir slitasje på vegen, og i utgangpunktet vil Statens vegvesen vera restriktiv med å skriva opp slike vegar. Derimot kan vi opplysa om at tømmernæringa ved Vestskog, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune er i god dialog om slike problemstillingar.

De ber om at uttalen vert oversendt politkarane. Vi vil dermed leggja fram både epost, uttale og vårt svar som melding til Utval for miljø og samferdsel.

John Martin Jacobsen
seksjonsleiar

Bente Utne
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Statens vegvesen Region vest